

Sel bustader

LEIKANGER: Leikanger kommune har utarbeidd ein plan for disponering av kommunale bustader. Her blir det konkludert med at nokre skal seljast, melder kommunen. Bustadene blir selde etter takst og slik dei står i dag. I tillegg kjem tinglysningsgebyr, dokumentavgift og frådelingsgebyr. I denne runden blir det lyst ut for sal

to bueiningar i Hovdavegen. Dette er ein treromsbustad og ein femromsbustad. Einslege forsørgjarar, ungdom under 30, personar som har dårleg økonomi og vanskar med å koma seg inn på bustadmarknaden og andre med særlege behov vert prioriterte. Søknadsfrist er 10. august, opplyser kommunen.

Ferierande bilistar

LEIKANGER: 28 prosent av ferierande nordmenn i sommar skal feriera med bil i Noreg, viser ein InFact-undersøking. Av desse seier seks av ti at utkikkspostar, rasteplassar og kulturminnesmerke har ei stor betydning for turen deira. Dette fører til meir trafikk på Nasjonale turistvegar og meir i omsetning for lokale reiselivsbedrifter, skriv Statens vegvesen.

Lite konfliktyt

LEIKANGER: Fylkesmannen har vurdert at Kvernfossen kraftverk i Hyllestad ikkje vil råka viktige natur- eller friluftsverdiar. Vassføringa vert redusert på 650 meter av elvestrekninga i Lølandselva dersom kraftverket vert realisert. Prosjektet skal endeleg avklarast av NVE.

Syner fram heimbygda

■■ New 2 Norway

■■ Norskkurs

■■ Kultur

ÅRDAL: Den utflytta årdølen, Tove Jane Fjeldstad, tek med seg norskinteresserte heim til Noreg og Årdal via selskapet sitt, New 2 Norway.

– Formålet er at dei skal lika Noreg, bli betre i norsk og at me kan gje dei det beste av det beste, seier Tove Jane Fjeldstad. Då tenkjer eg på språk, kultur og ikkje minst å visa fram bygda vår.

Spørsmål

Den tidlegare læraren i både heimlandet og England, starta selskapet for 13 år sidan.

– Eg kom heim og bestemte meg for å gjera noko heilt anna, der eg kombinerer interesser og utdanning, seier Fjeldstad. Då måtte eg stilla meg sjølv ein del spørsmål. Kva likar eg? Kva vil folk sjå? Resultatet vart New 2 Norway, der eg tek med meg folk heim for å læra dei språket og kulturen vår.


Natur

Med utgangspunkt i å læra vekk språket, vil Fjeldstad også syna fram naturen.

– Mange er interesserte i fjord og fjell, så eg har utnytta heimstaden min som har akkurat dette.

Sidan 2002 har selskapet bygd seg opp.

– Hovudkontoret er i Oslo, og me har samarbeidspartnarar i



NATUR: Utlendingane vert også introdusert for den norske naturen.

Bergen, Stavanger, Tyskland og Nederland. På vinteren samarbeider me også med Beitostølen, då det ofte er mange som vil læra å gå på ski. Me utgjær til saman eit stort nettverk.

Heim

I løpet av året er det ei gruppe som blir med Fjeldstad heim til Årdal. Dei siste åra har opphaldet funne stad i Avdalen, men er no tilbake på Svalheim gard.

– Eg er utruleg glad for å vera tilbake, sjølv om eg har likt meg godt i Avdalen også. Utfordringa var at nokre, spesielt amerikanarane, var veldig skeptiske

til utedo. I tillegg var det veldig hardt fysisk i det bratte terrenget, men også det at dei snakkar eit framandspråk 8–10 timar for dagen.

Potensial

Av den grunn har nokre fått tilpassa eige ynskje om å bu på Klingenberg, som også har funnert veldig bra.

Tove Jane har budd utanfor Årdal i 25 år, og synest det er stas å kunne syna fram heimbygda.

– Staden her har veldig mykje å by på, og eit stort potensiale. Det handlar om å tora og gjera noko med det.

Avgrensa

Pakka dei tilbyr har forandra seg i løpet av åra.

– Me har vore på Breturar, hatt matkurs, soppkurs og så vidare.

I kvar gruppe er det maksimalt seks personar.

– Det er avgrensa kor mange me kan ta i mot samtidig, då språket står veldig sentralt i opplæringa. Å ha oppfølging til ein og ein er viktig, og det vartek me med å ha små grupper.

Lærer norsk

Kai Schütte (18) frå Tyskland og Martin Riedl (42) frå Austerrike er dei som fekk vera med til Årdal denne sommaren, då dei begge ville læra språket. Det er dei godt i gang med, og

snakkar ivrige på norsk.

– Eg bryja med to norskkurs heime i Tyrol for tre år sidan, seier Riedl. Likevel ville eg reisa hit for å læra medan eg er i det norske landskapet. Eg fant New 2 Norway, og det verka passende for meg.

Studiekompis, Schütte, har berre studert norsk i ei veke.

– Eg kom hit saman med familien min i ein bubil.

Vettisfossen

Språkkurset er på dagen, medan ettermiddagen går til å verta betre kjend med den norske kulturen. Så langt har mennene vore på Vettisfossen, som dei begge er godt nøgde med.

– Me hadde med oss vaffler med rømme og syltetøy, seier Riedl.

Det var meir som også fall i smak på turen.

– Då me var framme ved fossen, åt me tursjokoladen, Kvikk Lunsj, seier Kai.


Fritid

Kurset varar i ei veke, då dei har fri i helga.

– Pedagogisk sett er det viktig med litt fritid, der dei får utforska området sjølv, seier Tove. Dagane er veldig lange, med både språkkurs og litt lengre turar.

Opphaldet i Noreg vert tilpassa etter kva dei besøkjande ynskjer.

– Fjella er veldig flotte her, så eg vil veldig gjerne gå nokre



SPRÅK: Kai Schütte (18) frå Tyskland

turar der, seier Martin. Eg har også med meg paraglideutstyret mitt, i håp om å få prøva det her.

Ingen av dei har fiska før, men det vert nok lagt inn på timeplanen.

– Me har ikkje fiska enda, men eg har veldig lyst, seier tyskaren. Eg har også lyst til å ta turen i bassenget, sidan det ser veldig fint ut.



NEW 2 NORWAY: Tove Jane Fjeldstad har drive selskapet sidan 2002.